



Notat

Dato: 03.05.2018
Arkivsak: 2016/35026-10
Saksbehandlar: benutne

Til: Utval for Miljø og samferdsel, Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Kvinnheradpakken – orientering om status

Innleiing

Kvinnherad kommune, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune har over lengre tid arbeidd med eit opplegg for ein bompengepakke i Kvinnherad. Statens vegvesen har oversendt eit utkast til bompengesøknad til Vegdirektoratet, og mottok ein del merknader til dette. Merknadane er drøfta med Kvinnherad kommune og Hordaland fylkeskommune ved samferdselsavdelinga. Etter dette vart justert bompengesøknad oversendt Vegdirektoratet den 27.04.18.

Den 04.05.18 melder Vegdirektoratet at kvalitetssikringa av Kvinnheradpakken ikkje vert fullført i mai. I skrivande stund veit ein ikkje grunngjevinga, eller når Vegdirektoratet si kvalitetssikring vert klar.

Fylkesrådmannen hadde lagt opp til saksframstilling av det faglege grunnlaget for delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken til fylkestinget i juni 2018. Dette går ikkje no, men ein reknar med det det kan leggjast fram til oktobertinget. Det faglege grunnlaget vil også verta sendt til kommunane Kvinnherad, Stord og Etne. Eventuelle vedtak frå desse vil følgja saka.

Fylkesrådmannen ønskte primært å leggja fram denne saka til junitinget. Dette for å få lukka arbeidet, etablira ein prosjektorganisasjon og komma i gang med bygging snarast råd.

Kvinnherad kommune og behov for oppgradering av vegnettet

Kvinnherad har ingen riks- eller Europavegar, og det er omlag 280 km fylkesvegar i Kvinnherad. Av dette er omlag 116 km overordna, og omlag 164 km øvrig fylkesveg. Kvinnherad er kommunen i Hordaland med nest-lengst overordna vegnett (etter Bergen) og kommunen med lengst øvrig fylkesvegnett.

Store delar av vegnettet er ikkje tilpassa dagens krav til standard. Mange fylkesvegar har berre eitt køyrefelt og det er trong for betre framkome og trafikktryggleik. I kommunen er det også mange kjente raspunkt med høg skredfaktor, som medfører fare og stengde vegar.

Lokalpolitisk handsaming i Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune har i fleire omganger lagt fram prinsipsak om bompengepakke/samferdselssatsing for Kvinnherad.

- I sak 51/2014 vedtok Kvinnherad kommunestyre å arbeide vidare med ein Kvinnheradpakke for gjennomføring av vegutbetring og trafikksikring i kommunen
- I sak 28.04.2016 vart det vedteke å arbeida vidare med Kvinnheradpakken
- I sak 28.09.2017 gjorde kommunestyret følgjande vedtak:
 1. *Kommunestyret sluttar seg til vedlagte grunnlag for «Kvinnheradpakken – Bompengesøknad», herunder omfang og prioritering av tiltak. Endeleg bompengesøknad skal seinare vedtakast i kommunestyret, før den vert sendt vidare til Fylkestinget og Stortinget.*
 2. *Kvinnherad kommune forpliktar seg til å yta eit samla tilskot på kr. 90 mill. NOK, fordelt med eit årleg tilskot på kr. 22,5 mill. NOK (2017 kroner) for åra 2018, 2019, 2020 og 2021.*
 3. *Det blir innført bompengar for dei 3 største ferjesambanda, Årsnes – Varaldsøy - Gjermundshamn (2021), Utåker – Matre – Skånevik (2021) og Ranavik – Skjersholmane (2023). Påslaget vert 6 takstsoner med dei rabattar som til ei kvar tid er gjort gjeldande. Innkrevningsperioden er 15 år, men kan ev. seinare utvidast.*
 4. *Rådmannen får mandat til å arbeida vidare med detaljane i bompengesøknaden.*
- Seinare har kommunen auka det totale kommunale bidraget til fylkesvegsatsinga i Kvinnherad til 109 mill kr.

Fylkeskommunale vedtak

Fylkesrådmannen viser til fylkestingsak PS 16/2017 der følgjande vedtak vart gjort:

1. *Fylkestinget er positiv til arbeidet med Kvinnheradpakken og sluttar seg til realisering av prosjekta Fv 48 Lundssvingane og Rosendal kai/ kollektivknutepunkt slik det framgår av denne saka, med eit totalt kostnadsanslag på 53 millionar kroner eksklusiv mva. Kvinnherad kommune er byggherre, og dermed ansvarleg for eventuelle meirkostnader. Det er ein føresetnad at prosjekta får høg prioritet i den framtidige Kvinnheradpakken.*
2. *Fylkestinget har gjennom vedtak av Plan og byggeprogrammet for 2017 løyvd eit tilskot på 10 millionar kr til Lundssvingane og Rosendal kai/kollektivknutepunkt, fordelt på 2017 og 2018. Tilskotet vil bli omgjort til fylkeskommunalt bidrag i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke.*
3. *Fylkestinget godkjenner forskotteringerssøknaden frå Kvinnherad kommune på totalt 10 millionar kroner. Forskottinga er på vanlege vilkår, utan kompensasjon for prisstigning og renter. Refusjon skjer i ein eventuell framtidig Kvinnheradpakke. Kvinnherad kommune har risikoen dersom Kvinnheradpakken ikkje skulle bli realisert, og må i det tilfellet finna anna finansiering.*

Samferdselssatsinga i kommunen

Status bygging «strakstiltak»: Kommunen er byggherre for tiltaka nemnt i fylkestingssaka over, og er i ferd med å ferdigstilla prosjektet Fv 48 Lundssvingane. Rosendal kai/kollektivknutepunkt vil i hovudsak vera ferdig i 2018.

Kommunen har forskotert midlane ut over det fylkeskommunale bidraget. I tillegg er det lagt opp til ei vesentleg finansiering med kompensasjonsmidlar for arbeidsgivaravgift.

Desse tiltaka var planlagt inne i pakken, men vart tatt ut etter tilbakemelding frå Vegdirektoratet. Det er berre prosjekt som ikkje er bygd og som kan finansierast med bompengar, som kan takast med i ei sak til Stortinget om delvis bompengefinansiering.

Ut frå denne tilbakemeldinga vart partane, Kvinnherad kommune, Statens vegvesen og fylkeskommunen, samde om å ta desse tiltaka med tilhøyrande finansiering, ut av planlagt pakke. Tiltaka vert ein del av den samla samferdselssatsinga i kommunen. Ettersom det er vesentlege kommunale bidrag i bompenge-pakken, har det ingen praktisk betydning.

Prosjekt i Kvinnheradpakken

Ved oversending til Vegdirektoratet såg prosjektporleføljen slik ut:

Vegnr.	Prosjekt
Fv 544	Nytt ferjesamband mot Stord, tilknyting E39, Planmidlar
Fv 551	Furebergfossen bru - rassikring
Fv 551	Strekninga Årsnes-Folgefonntunnelen: Byggetrinn 1A Tunell Sunndal - Kroka - rassikring
Fv 551	Strekninga Årsnes-Folgefonntunnelen: Byggetrinn 1B Vegutbetring Kroka - Årsnes
Fv 48	Herøysundet
diverse	TS tiltak - generelt (punktutbetring)
Fv 544	Sæbøvik - Eidsvik - Tofte: Div trafikkssikring, Toftebrekka: berre planleggingsmidlar
Fv 544/48	Opsanger - Porsvik
Fv 48	Sandvoll Sentrum, byggetrinn 1 (ny bru nedom Handelandsbrua og tilslutning).
Fv 551	Byggetrinn 2 Folgefonntunnelen - Årsnes, planmidlar

Rassikringsprosjekt:

Rassikringsprosjektet Fv 551 Furebergfossen bru er eitt av tiltaka i pakken. Tiltaket har godkjent reguleringsplan, og vert finansiert med rassikringsmidlar. Dette er praktisk av omsyn til å ha ferdig regulerte prosjekt i pakken. Tiltaket vert lyst ut så snart som råd.

Statens vegvesen vil gå i gang med reguleringsplanarbeid av ei tunelløysing melom Kroka og Sunndal. Dette rassikringstiltaket er tenkt gjennomført samtidig med utbetring av vegen sørover mot Årsnes, m.a. ved bruk av tunellmassane.

Vidare framdrift av bompengesøknaden

Fylkesrådmannen vil som nemnt leggja fram sak om delvis bompengefinansiering av Kvinnheradpakken så snart nødvendige avklaringar er gjort med Vegdirektoratet. Det faglege grunnlaget for delvis bompenge-finansiering, bompengeopplegget og prosjektporleføljen vert presentert i saka.